

# PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

**STAD:** Måltidets hus, Stavanger

**MØTETIDSPUNKT:** 05.10.2022, Kl. 0830 - 1600

---

## Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

## Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør  
Baard-Christian Schem, fagdirektør  
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør  
Ivar Eriksen, eigardirektør  
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,  
organisasjon og teknologi  
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør  
Erik M. Hansen, e-helse direktør  
Bjørn Egil Vikse, fagdirektør  
Torunn Nilsen, styresekretær

**Før styremøtet var det fellesmøte og synfaring for styra i Helse Vest RHF og Helse Stavanger HF med følgjande program:**

- Omvising på byggeplass nye SUS
- Velkommen ved styreleiar Bjørn Erikstein
- Innleiing ved administrerande direktør Helle Schøyen
- Arbeid med kostnadsreduserande tiltak og kostnadskontroll i første byggetrinn ved prosjektdirektør Kari Gro Johanson
- Status for arbeidet med medisinsk teknisk utstyr ved klinikksjef Terje Bakkelund
- Universitetssjukehuset – kva blir viktig? ved viseadm. direktør Elisabeth Farbu
- Når kan vi begynne på neste byggetrinn ved Tor Albert Ersdal

**Temasak scenario økonomisk utvikling i føretaksgruppa blei også gjennomgått i styreseminar i forkant av styremøtet.**

### **Sak 092/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Dagsorden:**

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse.  
Sak 098/22 blei behandla i lukka møte jf. helseføretakslova § 26a anna ledd nr. 4.

#### **Forfall:**

Jan Oddvar Gjerde hadde meldt forfall til møtet. Henrik Aasved møtte som vara.

#### **Dokument som var ettersendt:**

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet
- Oppdatert protokoll frå styremøte 7. september 2022
- Skriv frå RBU - RBU sine kommentarar/innspel til styresak 096/22: Kreftbehandling i Helse Vest – status for arbeid med kompenserande tiltak.

#### **Saker til eventuelt:**

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

#### **Vedtak (samrøystes)**

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

## **Sak 093/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 07.09.2022**

### **Oppsummering**

Etter ønskje frå Olin Johanne Henden er protokollen oppdatert med følgjande avsnitt i sak 083/22 – Nasjonal e-helse strategi - høyring:

*«Helse Vest RHF ynskjer å bidra konstruktivt til at vi når felles visjonar og mål for ei bærekraftig helseteneste, der digitalisering vert nytta som eit viktig virkemiddel. Helse Vest RHF har difor i utkast til høyringssvar peika på nokre overordna tiltak som må prioriterast for å lukkast med dei ambisjonane som inngår i den nasjonale e-helsestrategi. Dette er tema som mange aktørar, inkl. Helse Vest RHF, har peikt på i mange ulike samanhengar.»*

Oversikt over kven som var til stades i møtet blei lagt til.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 07.09.2022.

## **Sak 094/22 Administrerande direktør si orientering**

### **1. Rapportering tilsynssaker**

Styret ønskja eit notat til AD si orientering om oppfølging av tilsyna knytt til habilitering i neste styremøte.

### **2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### **3. Oversikt over aktuelle høyringar**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### **4. Regionale planar under arbeid**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### **5. Status beredskap**

Det er etablert system for medisinsk behandling av flyktningar frå Ukraina i Norge.

Norge har sagt ja til å ta imot 550 personar frå Ukraina for medisinsk behandling.

Det er venta nye bølger av både pandemi og vanleg influensa utover hausten.

### **6. Orientering om pakkeforløp heim og regionalt prosjekt om seineffektar etter kreftbehandling**

Dei regionale helseføretaka har i 2022 fått i oppdrag å innføre pakkeforløp heim for kreftpasientar. Dette pakkeforløpet inneber for spesialisthelsetenesta at det skal gjerast ei kartlegging av behov som pasienten måtte ha når pasienten blir skrive ut av sjukehuset og kjem heim.

Det er etablert ei regional koordineringsgruppe for dette arbeidet i regionen.

Målet er å få på plass ei digital løysning der pasienten sjølve vurderer behov i forkant av ein samtale med sjukehuset

Helse Vest har fått følgjande oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet:

*Dei regionale helseføretaka skal byggje opp regional kompetanse om seineffektar etter kreft hos born og vaksne med personell som skal bidra til å overføre kompetanse til allmennlegane om diagnostikk og behandling av seineffektar. Vidare skal spesialisthelsetenesta kunne ta imot pasientar med kompliserte seineffektar for utgreiing og behandling. Oppdraget bør sjåast i samanheng med pågående prosess for avvikling av «Nasjonal kompetanseteneste for seneffekter av kreftbehandling» og vidareføring av denne kompetansen gjennom ei anna organisering, som til dømes kompetansenettverk.*

Helse Vest er i ferd med å etablere eit regionalt prosjekt som startar opp i oktober 2022. Prosjektgruppa skal etter planen vere ferdig med arbeidet i februar 2023.

## 7. Anskaffing på TSB og rehabilitering

Styret blei orienterte om status på regionale anskaffingar på TSB og rehabilitering.

### Vedtak (samrøystes)

Styret tek meldingane til orientering.

## Sak 095/22 Rapportering frå verksemda per august 2022

### Oppsummering

#### Målekort (raude tal er ikkje oppdatert per september)

Målekort Helse Vest - september 2022	Nasjonale mål	Denne periode			Hittil i år		
		Faktisk	Mål HV	Måloppnåelse	Faktisk	Mål HV	Måloppnåelse
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	71	50	65	50	
	Ventetid - VOP	45	54	40	49	40	
	Ventetid - BUP	40	62	35	56	35	
	Ventetid - TSB	35	25	30	29	30	
	Andel kontakter passert planlagt tid	15,20 %					
	* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer	58 %			69 %		
	Korridorpasienter somatikk	2,00 %					
Aktivitet:		Tall i fjar	Endring mot fjoråret		Tall i fjar	Endring mot fjoråret	
Somatikk	Døgnopphold	14 764	14 275	3,4 %	121 895	120 252	1,4 %
	Dagopphold	6 376	6 521	-2,2 %	48 798	48 538	0,5 %
	Poliklinikk	125 571	124 762	0,6 %	990 108	989 901	0,0 %
Psykiatri	Døgnopphold	873	812	7,5 %	7 600	7 425	2,4 %
	Dagopphold	132	70	88,6 %	790	658	20,1 %
	Poliklinikk	46 858	46 310	1,2 %	364 561	362 226	0,6 %
TSB	Døgnopphold (eksl. private)	146	109	33,9 %	1 081	1 105	-2,2 %
	Dagopphold	4	1	300,0 %	15	14	7,1 %
	Poliklinikk	7 821	8 515	-8,2 %	66 384	73 600	-9,8 %
Bemanning	Brutto månedsverk	24 772	24 208	2,3 %	24 778	24 104	2,8 %
	Sykefravær	5,5 %	7,0 %	7,5 %	8,6 %	7,5 %	
Økonomi	Resultat	66 390	57 431	8 959	62 699	498 877	-436 178
		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik

Som forventa har ventetidene gått ned sidan august, med unntak av somatikk som er uendra. Samla ventetider ligg framleis høgt, og per september er det berre tverrfagleg spesialisert rusbehandling Helse Vest når målet for.

Når det kjem til aktivitet, var det samla aktivitetsnivået nå i september høgare enn i same månad dei tre føregående åra for somatikk. Både døgnbehandlinga og talet på polikliniske konsultasjonar er høgare i 2022 enn i 2021 for psykisk helsevern vaksne, men framleis lågare enn i 2019. Barn og unge med psykiske lidingar blir i hovudsak behandla poliklinisk, og til no i år er den polikliniske aktiviteten 16,1 % høgare enn i 2019, og 1,1 % høgare enn i 2021.

Prioriteringsregelen blei ikkje oppnådd innan TSB, medan den polikliniske aktivitetsveksten er høgare innan psykisk helsevern enn somatikken, når ein samanliknar den polikliniske aktiviteten i 2022 med 2021.

Føretaka har fortsatt utfordringar med økonomien, men forhold som relaterer seg til pandemien ser no ut til å ha bråte den negative kurva. Føretaka derimot framleis negative budsjettavvik som relaterer seg til auke løns- og prisvekst, men i noko mindre grad enn føregåande månadar.

Situasjonen til helseføretaka er framleis krevjande, og det vil vere tett oppfølging og dialog både mellom leiinga i føretaka og Helse Vest, og styreleiarane utover hausten. Det er nødvendig for evna til å finansiere investeringar at føretaka forbetrar sine resultat. Det er derfor særsviktig å prioritere gjennomføringa av tiltak, og sikre god oversikt over økonomiske effektar som følgje av disse i tida framover.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. august 2022 til etterretning.

Styret konstaterer at den økonomiske situasjonen i HF-a er forverra.

Styret anerkjenner at helseføretaka gjer eit systematisk arbeid med mål om å betre dei faglege og økonomiske resultata i 2022 og dei nærmaste åra, for å sikre bæreevna til dei viktige investeringane føretaka gjennomfører.

Styret ber om at HF-a i sine ØLP (i november 2022) gjer greie for konsekvensar for pasientbehandling, utdanning, opplæring og forsking.

### **Sak 096/22 Kreftbehandling i Helse Vest - status for arbeid med kompensererande tiltak**

#### **Oppsummering**

Helse Vest vedtok i styresak 100/19 funksjonsfordeling for kreftkirurgi i regionen. Ein føresetnad for funksjonsfordelinga er at det blir sett i verk kompensererande tiltak innan nokre kreftområde kor mellom anna volum og bemanning er låg.

Helse Vest har i samarbeid med føretaka arbeidd med tiltaka, men arbeidet blei grunna pandemien forsinka. I september har Helse Vest i møte med kvart enkelt av føretaka vurdert status for arbeid med kompenserande tiltak for dei utvalde kreftområda.

Det vil nå bli arbeidd vidare med å få på plass formelle avtaler mellom helseføretaka om dei kompenserande tiltaka som lagt til grunn for at gjeldande funksjonsfordeling innan kreftkirurgi.

Regionalt brukarutval hadde utarbeid eit notat med kommentarar til saka, der dei peikar på viktigheita av at dei kompenserande tiltaka, årlege gjennomgangar og avtalane mellom helseføretaka jf. styresak 110/19 kjem på plass raskt.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Helse Vest tok sak om status for arbeid med kompenserande tiltak for kreftkirurgi i Helse Vest til orientering, og imøteser rapportering på avtalane mellom helseføretaka og dei kompenserande tiltaka i mars 2023.

## **Sak 097/22 Tertialrapport til styret i Helse Vest per 2. tertial 2022**

### **Oppsummering**

Rapporten presenterer status per 2. tertial 2022 for ti utvalde område i Helse Vest.

1. Status for Topp 5 risikoområde
2. Status prioritering psykisk helsevern og TSB
3. Status for felleseigde føretak
4. Status for byggeprosjekt
5. Status for nasjonale og regionale ikt- og teknologiprosjekt
6. Status for IKT-program
7. Status for interregionale prosjekt
8. Rapportering på riksrevisjonsoppfølging og oppfølging av rapportar frå Sivilombodet
9. Status for aktive regionale planar
10. Status kvalitetsindikatorar

Styret peika på at det er viktig med god kommunikasjon mellom pasient, sjukehus og pasientreiser. Det blir jobba systematisk med kvalitetsforbetringssarbeid i Pasientreiser HF. Styret ønskja å invitere Pasientreiser HF og pasientreisekoordinator til eit styreseminar i Helse Vest.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Helse Vest tok Tertialrapport per 2. tertial 2022 til etterretning.

**U.OFF. Sak 098/22 var unnateke frå offentleg innsyn jf. Ofl. § 24, 3. ledd, jf. § 12, bokstav c  
Saka blei behandla i lukka møte jf. helseføretakslova. § 26a anna ledd nr. 4.**

## **Sak 098/22 Trusselvurdering 2022**

### **Oppsummering**

Sykehuspartner HF, Helse Nord IKT HF har i saman med, Helse Vest IKT AS, HEMIT IT HF og HelseCERT utarbeidd ei trusselvurdering om IKT- og informasjonssikkerheit for 2022. Trusselvurderinga er unnateke offentlegheit jf. Offl. § 24, 3. ledd, jf. § 12, bokstav c.

I saka er det i tillegg kort gjort greie for dei tiltak som er under gjennomføring i Helse Vest RHF innanfor Regional handlingsplan for informasjonssikkerheit, jf. styresak 084/21, handsama av styret i Helse Vest RHF 30.09.2021.

### **Vedtak samrøystes**

Styret i Helse Vest RHF tok saka til orientering.

## **Sak 99/22 Orientering frå det regionale brukarutvalet**

### **Oppsummering**

Dei regionale brukarutvala får kvart år moglegheit til å gi innspel til neste års oppdragsdokument.

RBU i Helse Vest vil gi innspel på følgjande tema:

- Likeverdig behandling av pasientgrupper
- Behandling av multisystemiske sjukdommar
- Læring og meistring av helseutfordringar

19. – 20. oktober er det felles samling for alle brukarutvala i Helse Vest. I samlinga vil det mellom anna vere fokus på systematisk brukarmedverknad og likeverdig behandling av pasientgrupper.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Helse Vest RHF tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

## **Sak 100/22 Eventuelt**

Det var ingen saker til eventuelt.

### **Skriv og meldingar**

Skriv 01 – Referat frå møte i RBU 31.08.2022

Skriv 02 - Nasjonal helse- og samhandlingsplan – innspel frå Helse Vest

**Vedtak (samrøystes)**

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 05.10.2022 Torunn Nilsen

---

Agnes Landstad Styreleiar

Olin Johanne Henden Nestleiar

Gunnar Berge Medlem

---

Anne Karin Hamre Medlem

---

Oddvar Kaarbøe Medlem

Solfrid Borge Medlem

Tord Anton Haaland Medlem

Wenche Kristin Røkenes Medlem

Marie Skontorp Medlem

---

Egil Olsen Medlem